


A photograph of the interior of a Norman church, likely the Abbey of Sainte-Trinité in Caen, France. The image shows the apse and the main body of the church, characterized by its extensive use of gold leaf mosaics. The central apse features a large mosaic of Christ Pantocrator, seated and holding a book. Above this, in the semi-dome, is a mosaic of the Virgin Mary and Child Jesus. The side walls are decorated with various figures, including saints and angels, all set against a gold background. The architecture includes pointed arches and a high vaulted ceiling. The lighting is warm, highlighting the intricate details of the mosaics.


**Senioruniversitetet i Åsane**  
**27. januar 2026**

**Frå fjordane på Vestlandet  
til kongetronene på Sicilia  
og i Storbritannia**

**Om normannarane i Frankrike,  
Storbritannia og Italia**

Inge A. Alver  
[inge.alver@outlook.com](mailto:inge.alver@outlook.com)





Gokstadskipet var eit hurtig  
havgående skip med ei  
lengde på 24 meter.

Foto:  
Kulturhistorisk museum,  
UiO













Våpna til vikingane var gode og ofte fint utførte:

Sverdet til venstre er frå ukjend stad.


Sverdet i midten er sett saman av to delar funne på forskjellige stader i landet:

Klinga er fra Mølmen, Lesja, og hjaltet er frå Åsnes i Hedmark.

Sverdet til høgre er frå Fagernes.

Av Universitetets Oldsakssamling/KF-arkiv





Engelsk-språkleg kart som viser det norrøne området under viking-tida ca. år 1000.



## Gangerolv, (Göngu-Hrólf), ca. 860-932

Vikinghovding (frå Giske ved Ålesund) og som egentlig heitte *Hrólf Ragnvaldsson*.

Son av *Ragnvald Mørejarl*, som klippte håret til Harald Hårfagre etter at Noreg var samla til eitt rike.



*Gangerolv* (ca. 860-932), fransk *Rollo*

## Vikingen som vart fransk hertug

- Hovding frå Møre (Eller var han dansk?)
- Historisk avtale med kong *Karl den Enfoldige* av Frankarriket: I byte mot lojalitet og vern mot andre vikingar, fekk **Rollo** i 911 *Normandie*, “nordmennenes land”, og blei hertug der. Han fekk også kongsdottera *Gisela* til kone.



# FRANCE

Map by TripUSAFrance





Statue av Rollo i Rouen,  
Normandie, Frankrike.

Ein kopi av statua finst i  
Ålesund og i Fargo, Nord-  
Dakota, USA.





IN · SINV · TEMPLI · ROLLO · QVIESCIT  
A · S · VASTATAE · CONDITAE · NORMANNIAE · PATER · AC · PRIMVS · DVX  
LABORE · QVI · FRACTVS · OCCVBVIT · OCTOGENARIO · MAIOR · AN · CM · XXIII

Minnesmerket  
(kenotafen) over  
Rollo i  
katedralen i  
Rouen.





Katedralen i *Rouen*, der  
*Gange-Rolv* vart døypt i 897  
(og *Olav den Heilage* i 1014).  
Her frå ei gravferd i 2016 av  
ein prest som blei terroroffer.

*Foto: Michel Euler / TT*  
*NYHETSBYRÅN / NTB*  
*scanpix*



# Normannarane i Frankrike

- Giftn seg inn i lokal adel.
- Tok til seg fransk språk og kultur.
- Beheldt krigarkulturen og viljen til ekspansjon .
- Blei blant dei mektigaste familiane i Europa.

## Ei av slektslinene etter *Gange-Rolv (Rollo)*

- *Vilhelm Langsverd* (son), hertug av Normandie.
- *Richard I*, hertug av Normandie.
- *Richard II*, hertug av Normandie.
- *Robert I «the Magnificent»*, hertug av Normandie.
- *Guillaume le Conquérant, William the Conqueror, Vilhelm Erobraren, Viljalm Bastard*, 1028-1087, hertug av Normandie og konge av England frå 1066.



# Den normanniske slekta i Italia

*Tancred av Hauteville* (980-1041) hadde 10 søner, bl.a.:  
*Robert Guiscard* (1015-1085), som blei hertug av  
*Apulia* i Sør-Italia. Han er stamfar til:

- *Ruggero (Roger)I* som erobra Sicilia (1031-1101).
- *Ruggero (Roger)II*, konge av Sicilia (1095-1154).
- *Guglielmo (William)I*, konge av Sicilia (1120-1166).
- *Guglielmo (William)II*, konge av Sicilia (1153-1189)

# Den politiske situasjonen i Europa ca. år 1000

- *Det austromerske riket* – med hovudstad i Bysants, Konstantinopel, Istanbul, Miklagard – var den dominerande makta.
- *Det Vestromerske riket* – med hovudstad i Roma - låg nede med brekt rygg etter undergangen i 476 og folkevandringane.
- *Muslimane (saracenarane, maurarane)* dominerte rundt Middelhavet. Spania var eit eige kalifat. Sicilia var muslimsk.



# **Bysantinsk militæraksjon mot Sør-Italia**

Soldatar frå Bysants (Konstantinopel) vart sette inn for å ta makta frå muslimane i Sør-Italia og på Sicilia.

Øverskommanderande for aksjonen var *Georgios Maniakis*, og elitesoldatane i *Væringgarden* blei leia av.....

**Harald Sigurdson -  
betre kjend som**

**HARALD HARDRÅDE**

**halvbror til Olav den Heilage**

**som deltok i slaget på Stiklestad (1030) som 15-åring, og  
som etterpå flykta til *Novgorod* → *Kyiv* → *Konstantinopel*.**

*Snorre Sturlason: Heimskringla,  
Soga om Harald Hardråde, s. 484.*





*St. Sofia-katedralen i Kyiv. Her finst framleis biletet av prinsesse Elisiv. Katedralen blei påbegynt av Jaroslav den Vise i året 1037, og bygginga heldt fram mens Harald Hardråde var i byen. St. Sofia var det første byggverket i Ukraina som kom på FNs verdsarvliste.*

*Foto: Wikimedia*





Fresken i St. Sofia-katedralen i Kyiv som viser døtrene til kong Jaroslav. *Anna* er truleg den yngste til venstre.

Deretter følger *Anastasia*, *Ellisiv* (*Jelisaveta*) og lengst til høyre *Agatha*.

Fresken er fra 1000-talet.

Foto:  
*Wikimedia*









Ellisiv på et ukrainsk frimerke frå 2016.



# **Normannarane erobrar Sicilia**

**Etter fleire felttog mot dei muslimske herskarane fullførte normannarane erobringa av Sicilia frå midten av 1000-tallet under leiing av *Roger I* og *Robert Guiscard*.**

**Erobringa fullført i 1091.**



Kongedømmet Sicilia  
då William II kom til  
makta.

Grensene var uendra i  
bortimot 700 år.



Hovudstaden i det normanniske riket på Sicilia er

*Palermo*

som er sentrum i Palermo er fram til i dag. Der ligg:

*Palazzo dei Normanni*

Og der vil eg gjerne ta dykk med.....













# Normannarane viste stor visdom i styresettet sitt - 1

## Religiøs og kulturell toleranse

- **Muslimar** kunne fortsetja med si tru og praksis. Nokre var byråkrater ved hoffet.
- **Gresk-ortodokse kristne** fekk behalda sine biskopar, liturgiar og språk (gresk).
- **Latinske kristne** (katolikkar) var makthavarane, men dei undertrykte ikkje andre.
- **Jødar** var tolererte og spelte ein viktig rolle som lærde, legar og handelsfolk – i sterk kontrast til andre stader i Europa på same tid.

## **Normannarane viste stor visdom i styresettet sitt - 2**

### **Fleire språk i den normanniske administrasjonen.**

- **Latin** for kyrkja og den vestlege eliten.
- **Gresk** for dei austlege kristne.
- **Arabisk** for muslimar og administrasjon.
- **Hebraisk** i bl.a. handel.

Dette gjorde staten meir inkluderande og effektiv, og det var eit klart uttrykk for at alle grupper hadde ein plass i samfunnet.

Dei normanniske kongane meistra alle desse språka.



# Normannarane viste stor visdom i styresettet sitt - 3

## Mangfald i regjeringsapparatet

Kongane tilsette folk med ulik etnisk og religiøs bakgrunn i regjeringa.

## Kulturell og kunstnerisk samansmelting.

Blanding av kulturar i arkitektur og kunst, kjent som den normannisk-arabisk-bysantinske stilen. Eit godt døme er *Cappella Palatina* i *Palazzo dei Normanni*, som kombinerer arabiske, bysantinske og latinske element i ein utruleg harmonisk heilskap.































## **Sigurd Jorsalfare (1090–1130)**

er kjend for si reise til Jerusalem. På veien dit reiste han blant anna via England, Frankrike og Spania, og han oppheldt seg ei tid på Sicilia.

Sigurd og følgjet hans kom til Sicilia rundt 1109, då Roger II framleis berre var ein ung greve (fødd 1095). Sicilia var på dette tidspunktet alt godt etablert som eit normannisk territorium, men det var kong Sigurd som gav Roger II kongsnamn og som dermed stod som garantist for det normanniske riket på Sicilia og i Italia.

Dette seier mykje om statusen til dei norske kongane i *Noregsveldet*.

Snorre Sturlason: *Heimskringla, Soga om Magnussønene*, s. 573.





























M  
D  
O  
GUILIELMO AL. COGNOMENTO BONO REGI SICILIAE QVI VIXIT ANNOS XXXVI  
EMPLVM HOC VIRGINI DEI GENITRICI STATVIT  
COENOBIVM ILLI CONIVNCTVM EXSTRVXIT  
MAGNIFICENTISSIMIS DONIS ET VECTIGALIBVS DITAVIT  
MONTEM IGALEMA LVCIJ III. PONT. MAX. METROPOLIM CONSTITVENDAM CVRAVIT  
SCLIAM TRIBVITIS LEVAVIT PACIS ET IVSTITIAE CVLTOR PVIT  
VT IVSTISSIMA SIG. EX SENTENTIA SEMPER BELLA CONFECT  
SANCITAM AEDEN POST OCCAM CONTRA EVS HOSTES OMNI OPE ET CONSILIO VVIT  
OB IT ANNO SALVTIS .CC. CXX CLX  
DON LVDOVICVS DE TORRES ARCHIEPVS NE TANTVS REVS SINE HONORE JACERET  
PRINCIPI OPTIMO ET RELIGIOSISSIMO P. ANNO IV BILEI .CC. D. LXX V







COMEDIT DEDIT VIRO SVO





# Tilbake til normannarane i Nord-Europa – og kampen om den britiske trona, 1066

Tre kandidatar - alle med norrøne røter:

- Harold Godwinson (engelsk/dansk)
- Harald Hardråde (norsk konge)
- Vilhelm av Normandie (normannisk hertug)



# TO slag sommaren 1066

**25. september: Slaget ved *Stamford Bridge***

*Harald Hardråde* fell (med dronning *Ellisiv* frå Kyiv som augevitne)

**10. oktober: Slaget ved *Hastings***

*Vilhelm av Normandie* vinn – og blir den første normanniske kongen av England.





Bayeux-  
teppet, som  
viser scener  
frå normann-  
arane si  
erobring av  
England i  
1066.

*Foto: Kamil  
Zihnioglu /  
AP / NTB  
scanpix*



38.









# **Normannarane endra Storbritannia på fleire viktige måtar etter invasjonen i 1066**

**Politisk maktovertaking:** *Vilhelm Erobraren* blei konge av England. Han erstatta den angelsaksiske adelen med normanniske vasallar, og sentraliserte makta.

**Språk og kultur:** Normannisk fransk blei språket til overklassen og rettssystemet. Det påverka det engelske språket sterkt, spesielt innan lov, administrasjon og adel.



**Føydalsystemet:** Eit nytt system blei innført, der all jord tilhøyrdde kongen, og blei delt ut til lojale vasallar i byte mot militærteneste.

**Kyrkja:** Den engelske kyrkja blei reformert, og normanniske biskopar og prestar erstatta mange angelsaksiske leiarar. Katedralbygging i romansk stil skaut fart.

Kort sagt førte normannarane til ei djup forandring i Englands styresett, språk, samfunn og kultur.




















..... og alt dette pga. *Gangerolv* og ein flokk med vikingar frå Sunnmøre....

**Takk for at de ville høyra på meg!**

Inge A. Alver  
[inge.alver@outlook.com](mailto:inge.alver@outlook.com)